



Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS
Rosslandsvegen 364
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2066 - 19/22188

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

30.10.2019

Trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 9/215 Hjertås

Tiltak: Oppføring av bustad, veg og mur
Byggjestad: Gbnr: 9/215
Tiltakshavar: Arne Rosnes
Ansvarleg søkjar: Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.10.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Nytt søknadsskjema der det er krysset av for alle tiltaka som det er søkt om; nytt bygg, veg, vesentleg terrengingrep og konstruksjon.
- Det må søkjast om muren som er tegna inn på situasjonskartet der avstand til alle naboar er oppgitt. Kommunen må ha inn teikning, snitt, lengde og høgde på muren.
- Søknad om dispensasjon frå arealformålet friluftsområde for opparbeiding av omsøkt veg.
- Søknad om dispensasjon frå etasjetal, jf. reguleringsføresegn § 2 («Bustadene kan oppførast i inntil 1 ½ høgde»).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.11.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS Rosslandsvegen 5918
364

FREKHAUG